



Badevert i Vossabadet

Hausten 2017 opna Voss sitt nye symjeanlegg, Vossabadet. Me har mål om å skapa ein knakande kjekk arbeidsplass, og søker no etter DEG som kan vera med i gjengen av dyktige tilsette. Vossabadet er tufta på tre grunnsøyler; Tryggleik, Reinhold og Service. Skal du jobba hjå oss, må du forstå kvifor dette er viktig, og kunne leva opp til vårt slagord «Rein Glede».

I Vossabadet er me alle vertar, og arbeidsoppgåvene er knytta til å levera ei best mogleg oppleving for gjestane våre. Kjernen av oppgåvene består av tradisjonell badevaktteneste i kombinasjon med reinhaldsoppgåver og resepsjon/kafé. Har du òg til dømes ei interesse for tekniske anlegg, og/eller erfaring frå aktivitet/trening i vatn er det eit pluss.

Er du den som vil vera med å utvikla Vossabadet til ein flott stad å vitja for våre gjester, ja då vert me utruleg glad!

Stillinga er fast og turnusbasert.

Våre forventningar til deg:

- At du har god helse, og består ein livredningstest der du må dykka ned til 3,9 meter
- At du har godt samvit, og kan levera ein politiattest
- At du er myndig, både i alder og i situasjonar som krev det
- At du kommuniserer godt på norsk, og gjerne med eit glimt i auget
- At du likar å arbeide til ulike tider frå tidleg morgon til langt på kveld
- At du trivs i eit arbeidsmiljø prega av «Rein Glede» der du kan gå i shorts og slippers heile året

Kva kan du forventast av oss:

- Ein arbeidsgjevar som trur på at glade tilsette gjev glade kundar
- Kommunale løns- og arbeidsvilkår i høve tariff
- Varierte arbeidsoppgåver i eit varmt og inkluderande arbeidsmiljø

Tykkjer du dette høyrst kjekt ut? Då vil me gjerne komma i kontakt med deg!

Send din cv/søknad til geir-ole@vossabadet.no innan 31.07

Spørsmål til stillinga kan rettast til

Geir-Ole Selland

Dagleg leiar Vossabadet og Voss idrettshall KF

Mob.41415656

Me gler oss til å høyra frå deg!